

## 6. Soknerådsmøte 2016 14. juni – Referat

Mat: Helen

AU – Arbeidsutvalet for soknerådet. Møter kvar måned ca 1 veke før soknerådsmøtet. Tar unna saker av meir forretningsmessig karakter.

SR – Soknerådet

FR – Klepp kyrkjelege fellesråd

NaMu - Naturlig menighetsutvikling

Sokneråd FOK	Tilstade:	Merknader / Vararepresentant:	Ansvarsområde
Jon Lende	X	Leiar av soknerådet	Representant til fellesrådet
Helen Hetland Mori	X	Nestleiar soknerådet	
Karl Inge Lygre	X		Representant til Stiftelsen . 2. vara til fellesrådet
Torill Brådland	X		Oppfølging av barnearbeidet
Bjørg Mikalsen	X		Oppfølging av ungdomsarbeidet. Representant til fellesrådet
Bjørg Nese	X		1. vara til fellesrådet
Sigbjørn Sørland	X	1. vara møter fast	Representant til Livspust – diakonigruppa.
<b>Stab FOK</b>			
Morgan Fjelde	X	Sokneprest	
Ingunn Matre	X	Dagleg leiar	

Svein Tore Åtland		Leiar Stiftelsen	Deltek denne gongen pga fokus på arbeidet i Stiftelsen
Geir Ådne Vestvik		Drifts - og økonomileiar	Deltek denne gongen pga fokus på arbeidet i Stiftelsen

	Delerunde og bønn
Sak : 41-16	Godkjenning av innkalling . Innkalling godkjent. Kommentar om at Torill Brådland ikkje er inhabil i saka om vidareføring av misjonsprosjekt i Ukraina ( ektemann er leiar i Ukrainastyret )
Sak: 42-16	<p>Godkjenning av referat frå møte 3. mai . Kommenterar motteke på mail, og vert innarbeida</p> <p><b>Orienteringssaker :</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Orientering frå stab. Plan for sommarferie : kontoret vil vera bemanna alle veker unntatt veke 30 ( 25.-30. juli ). Vi leitar framleis etter ein ett-åring til hausten. Ser på ulike måtar å dekkja dei ca 20 % ekstra som vi i alle fall treng i forbindelse med trusopplæringstiltak</li> <li>2. Givartenesta pr mai : Givartenesta for mai vart på kr. 153400. Her er ei årsgåve på kr. 25.000 med i beløpet. Totalt ligg vi ca på budsjett for dei første månadene.</li> <li>3. Orientering frå AU – Saka om gratis utlån av lokale i kyrkja til stab. Ynskje frå soknerådet om at dette blir teke opp som sak i fullt sokneråd neste gong.</li> <li>4. Orientering om arbeid med NaMU. Arbeider vidare med forventningspunktet og varme relasjonar – fokus på oppmuntring og anerkjennelse i fellesskapet.</li> </ol>
Sak : 43 -16.	<p><b>Fokus på arbeid i Stiftelsen</b></p> <p>Leiar av Stiftelsen , Svein Tore Åtland er med på møtet. Karl Inge Lygre er den i soknerådet som har stiftelsen som fokus-område, men resten av soknerådet vil gjerne få eit godt overblikk over dette arbeidet, og kva det bør vera fokus på vidare framover.</p> <p>Stiftelsen skal være ein « Pådrivar for vidareutvikling av anlegget. « - dette vert dei sentrale oppgåvene etter at alle byggeprosessen og alle reklamasjonssaker er ferdigstilte.</p> <p><b>Kva har vore dei viktigaste milepælane det siste året ?</b></p>

- Ferdigstilt alt arbeid med reklamasjonar. Soknerådet vil veldig gjerne tydelig takka for den solide og gode oppfylginga Stiftelsen og Njaal Fykse har gjort gjennom mange år med dette.
- Gått inn i en ny rolle ifm med at lån er nedbetalt og reklamasjoner er ferdigstilte
- Avtale etablert med Fellesrådet om at Stiftelsen fortsatt kan nytta kyrkjanlegget til arrangement/utleige, og kva prosentdel av utleigebeløpa som skal gå til Fellesrådet for å kompensera for straum, reingjering og forbruksmateriell ifm utleige

**Kva ser vi fram til å halvåret som kjem , kva utfordringar / nødvendige investeringar bør soknerådet være klar over ?**

- Opererer tidvis i skjæringspunktet mellom investering og drift , f.eks ved innkjøp av ny projektor i 2015 . Merknad frå driftsleiar om at dette konkrete eksempelet framleis er til behandling i fellesrådet og er å betrakta som ein forskotering frå stiftelsen som ein ynskjer refundert frå fellesrådet.
- Naturlig nedgang i fast givertjeneste når lån på bygget er nedbetalt. Frå ca 20.000 til ca 11.000 pr måned
- Utfordrande å møte budsjettet på arrangement / utleie – ligg an til 275.000 mot 400.000 førre år. Artistane tar lite av risiko ved konsertane, og det er vanskelig å få høg inntening utan å satsa og ta litt meir risiko frå Stiftelsen si side.
- Det skjer mykje på fast basis i denne kyrkja , og det skal ha fortrinnsrett.

**Samarbeid rundt å lønna driftsleiar -**

- Stiftelsen dekker 40 % av lønn, men begrensa oppad til 50 % av overskuddet for utleie.
- Det er en motivasjon for frivillige at ein forutsigbar del av resultat ligg igjen hos Stiftelsen.
- Har hatt ein veldig god dugnadsgjeng til arrangement – noko utfordrande å få nok dugnadsressurser på dagtid. Treng eit vidare arbeid for å finna fleire frivillige til denne typen dugnadsinnsats.
- Stiftelsen er svært nøgde med samarbeidet med driftsleiar og den innsatsen som vert gjort for å arrangere og gjennomføre konsertar og anna utleige.

**Ser Stiftelsen investeringar framover der det ikkje er naturleg at Stiftelsen tek heile beløpet og resterande vert teke på FOK driftsbudsjett ?**

Ser ikkje noko i nær framtid når det gjeld dette.

Sak: 44 -16	<p><b>Arbeid vidare med kulturdokumentet</b></p> <p>Utvalet vil arbeida vidare med prosessen å setja ord på undernivå for KJENNE- BYGGE – DELE</p> <p>Fleire er blitt spurde om dele sitt vitnesbyrd. Desse skal framkoma under dei enkelte områda. Treng litt ekstra tid for å få endeleg svar frå alle.</p> <p>Vi ynskjer å definera eit navn på dokumentet</p> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>Soknerådet einast om å kalle dokumentet for « Vårt valg ». Vidare deler utvalet eit endeleg utkast med alle i soknerådet. Etter ein siste runde med kommentarar vil dokumentet verta vedteke.</p>
Sak: 45-16	<p><b>Arbeid med mål for 2016</b></p> <p>Sjå forarbeid frå AU-møtet.</p> <p>Sak til orientering denne gongen. Sokneprest / dagleg leiar vil halda fram med å formulera dette og ta det med som sak inn til SR i august, men ber soknerådet vurdere om det skal være med ein representant frå soknerådet i dette arbeidet.</p> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>SR er einige i at dette vert arbeida med i stab fram mot AU-møte og SR –møte i august.</p>
Sak: 39- 16	<p><b>Datoar for soknerådsmøte hausten 2016</b></p> <p>Datoane for soknerådsmøta hausten 2016 er dei fylgjande :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Torsdag 18. august</li> <li>• Tirsdag 20.september – Fokus på ungdomsarbeid. Startar møtet ein halv time tidlegare for å gi rom.</li> <li>• Tirsdag 18.oktober</li> <li>• Tirsdag 25.oktober – Biskopen vert med</li> <li>• Tirsdag 15. november</li> <li>• Tirsdag 6. desember</li> </ul> <p>Innspel om at det hadde vore bra med ein heil dag saman med staben i starten av 2017. Dagleg leiar følgjer opp dette.</p>

<p>Sak 41-16</p>	<p><b>Beredskapsplan for kirkeasyl</b></p> <p>Jon Lende har vore på møte for soknerådsleiarer i regi av bispedømmekontoret der dette vart lagt fram.</p> <p>Vi må sjå på om vi skal gjerast nokre lokale tilpasningar.</p> <p>I same sak tek vi også med orientering om beredskapsplan i forbindelse med større ulykker / kriser i lokalsamfunnet.</p> <p>Saka vert utsett til neste møte</p>
<p>Sak 42-16</p>	<p><b>Styringsgruppa ( Ukrainastyret ) si innstilling til Soknerådet vedr forlengelse av Ukrainaprojektet i FOK, av 18 Mai 2016</b></p> <p>Ukrainastyret har gitt ein fyldig og velbegrunna innstilling (vedlagt ) til soknerådet om forlenging av avtalen for 2 nye år. Den nåværande avtalen går til 1.1.17, men KPK skal ha varsling eit halvt år i forveien ved endringar, så difor må denne saka behandlast innen 30.06. 2016 for å gi svar i rett tid.</p> <p>Nokre synspunkter på denne saka :</p> <p>Det skal veldig gode argumenter til for ikkje å fortsette. Vi har blitt godt kjent med dette prosjektet, og har eit veldig godt utgangspunkt for nye prosjekt saman med KPK og House of Mercy.</p> <p>Veldig bra at vi har tett kontakt og har mulighet til å veilede eller legge inn ynskjer i forhold til prosjekta.</p> <p>FOK er ein av mange som støtter KPK Ukraina, så dei er ikkje aleine avhengig av den støtta vi gir ( ca 5 % av totalt driftsbudsjett )</p> <p>Det er også ein kommentar at sjølv om ein vel å fortsetja å støtta Ukraina –prosjektet så utelukkar det ikkje å støtta andre mindre prosjekt.</p> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>Innstilling frå Ukrainastyret om forlenging ytterligare 2 år vert støtta av soknerådet.</p>